



Hordaland fylkeskommune, Regional utvikling
pb. 7900
5020BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/704 - 14/3981

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.10.2014

Melding om oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram for bru over Masfjorden

Det vert med dette varsla at det i formannskapet den 09.09.2014, sak 071/14 vart gjort vedtak om oppstart av reguleringsplanarbeid (områdeplan) for å erstatta kabelferja frå 2002 mellom Sandnes og Duesundøy med ny bru, og få ferjefri kryssing av Masfjorden. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-9 og § 12-8.

Det er i samsvar med plan – og bygningslova sin § 4-1 også utarbeidd eit framlegg til planprogram dagsett 13.10.2014 som også vert lagt til offentleg ettersyn. Planprogrammet informerer nærmare om bakgrunnen for planarbeidet, medverknad og organisering og prosess. Viktige problemstillingar for planarbeidet er og drøfta, samt framlegg til konsekvensutgreiing.

Bru over Masfjorden har vore tema i fleire periodar heilt sidan traseen for noverande E39 vart utgreidd. I 1989 vart det utarbeidd fleire rapportar for alternative kryssingsmåtar og gjort ein trafikk- og konsekvensanalyse. Dagens vegsamband med ferje frå Masfjordnes til Duesund er frå siste del av 80-talet. I 2002 vart den tradisjonelle ferja erstatta med kabelferje og ferjekaien flytta frå Duesund til Duesundøy. Løysinga har vore meir tenleg enn det gamle ferjesambandet, men har likevel ikkje svara til forventningane til innbyggjarane, og dei behov innbyggjarane og næringslivet i deler av Gulen og Masfjorden kommune har for effektiv fjordkryssing over Masfjorden. Plangrensa er vist i det vedlagde planprogrammet dagsett 13.10.2014.

Alle saksdokument, planprogrammet og større kart over planområdet ligg og på heimesida til Masfjorden kommune under www.masfjorden.kommune.no. Planidentiteten i Braplan vert 126620140002. Eventuelle merknader til planoppstarten og/eller til planprogrammet kan sendast til Masfjorden kommune, 5981 Masfjordnes innan 5. desember 2014.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt ass. rådmann Sveinung Toft.

Med helsing

Sveinung Toft

ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakrar:

Hordaland fylkeskommune	Samferdselsavdeli nga	5020	BERGEN
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
NVE Region Vest	Nausdalsvegen 1B	6800	FØRDE
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Telenor	postboks 7150	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Flathauggata 12	5523	HAUGESUND
Fiskeridirektoratet	postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Lensmannen i Masfjorden og Gulen	Fensfjordvegen 171	5986	HOSTELAND
Eldrerådet i Masfjorden		5981	MASFJORDNES
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		5981	MASFJORDNES
Reknes Byggjevarer LL	Lyngvegen 2	5914	ISDALSTØ
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Regional utvikling	pb. 7900	5020	BERGEN